

REGLEMENT FOR FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40 nr. 5.

Vedteke av fylkestinget i møte 13.juni 1995, sak T-25/95.

1. Kva dokument innsynsretten gjeld for

- 1.1. Reglementet er eit supplement til reglane i Lov om offentlighet i forvaltningen av 19. juni 1970 nr 69. Etter lova kan folkevalde, som einkvar annan, krevje å få gjere seg kjent med det offentlege innhaldet av dokumenta i ei bestemt sak frå det tidspunkt dokumentet er offentleg etter Offl. § 3 nedanfor.
- 1.2. Reglementet regulerer innsyn i dokument som ikkje er offentlege etter offentleglova. Ved praktisering av meiroffentlegheit vil det i hovudsak gjelde dokument som er underlagt teieplikt.

2. Vedtak om innsyn i saksdokument som ikkje er offentlege – teieplikt

- 2.1. Medlem og varamedlem av folkevalt organ har i utgangspunktet ikkje rett til innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt.

Fylkestinget og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandlinga av ei konkret sak i organet. jfr. forvaltningslova § 13 b nr 2 og 4.
- 2.2. For dokument som ikkje er underlagt teieplikt, men som likevel ikkje er offentlege, gjeld følgjande reglar for vedtak om innsyn:
 - a. Medlem og varamedlem av folkevalt organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal førehavast i organet.
 - b. Minst tre medlemmer i fylkestinget/fylkesutvalet kan krevje innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jfr. pkt.3 Fylkesordføraren ha sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.
 - c. Hovudutvala og andre folkevalde organ kan for sin bruk vedta innsyn i andre organ sine dokument når dette er naudsynt ved konkret behandling av sak i organet og minst 3 av medlemene røyster for det.
- 2.3. Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt eller unnateke offentleg innsyn etter reglane i offentleglove. jfr. forvaltningslova § 13 og straffelova § 121.

Når ei sak blir behandla for stengde dører, jfr. kommunelova § 31, skal det ikkje orienterast eller refererast frå drøftingane med mindre vedkomande folkevalde organ fastset noko anna.

3. Tidspunkt for rett til innsyn

- 3.1. Retten til innsyn tek ti å gjelde når saka er framlagt/send til politisk behandling. Saman med saksutgreiinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen. Det skal gå fram av oversikta om nokon av desse uprenta vedlegga ikkje er offentlege ved at heimelen for unntak blir påført.
- 3.2. For saker som skal avgjerast i administrasjonen, gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

4. Framgangsmåten ved krav om innsyn

- 4.1. Førespurnad om innsyn i saksdokument skal behandlast straks.

Folkevalde som vil krevje innsyn i saksdokument som ikkje er offentlege, skal som hovudregel ta dette opp i møte i vedkomande organ, jfr. pkt. 2.1 og 2.2. Utanom møte skal ein vende seg til sekretariatet for det organet vedkomande er medlem av. Sekretariatet ser til at vilkåra for innsyn etter reglane i dette reglementet er oppfylt før det innhentar dei etterspurde dokumenta.

- 4.2. Dokument som det blir kravd innsyn i, og som gjeld ei sak som skal behandlast av organet, skal gjerast tilgjengeleg for alle medlemene i vedkomande organ, anten ved at dokumenta blir lagt fram i møtet til gjennomsyn eller ved at medlemene får kopi.

Dokument som inneheld opplysningar underlagt teieplikt, skal som hovudregel ikkje kopierast. Blir kopiar utdelt, skal desse samlast inn og makulerast når saka er behandla.

5. Informasjon om saker under førebuing

- 5.1. Spørsmål til administrasjonen om saker som er under behandling, bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir behandla på, tidsplan o.l.